



Langhaugen videregående skole  
Hagerupsvei 17  
5093 BERGEN

Dato: 05.09.2017  
Vår ref.: 2016/9170-39  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## **Vurdering av poengskalaen for tilleggspoeng til Vg1 Musikk/Dans/Drama**

Ved inntaket til Vg1 Musikk/Dans/Drama med vektlegging på Musikk var nedre poenggrense i år 55 poeng (karakterpoeng og tilleggspoeng).

Som kjent er skalaen for tilleggspoeng for musikalske ferdigheiter 5, 10 og 15 poeng. Til samanlikning er skalaen for tilleggspoeng til Vg1 Idrett 3, 5 og 7 poeng.

Til Vg1 Idrett blir tilleggspoenga gitt på bakgrunn av dokumentasjon på oppnådde resultat. 3 tilleggspoeng blir gitt for resultat på krinsnivå, 5 poeng for nasjonalt nivå og 7 poeng for internasjonalt nivå.

Dersom ein overfører dette til tilleggspoenga for musikk skulle det tilseie at 5 poeng var på fylkesnivå, 10 poeng på landsnivå og 15 poeng på internasjonalt nivå. Dette er kanskje ikkje heilt samanliknbart, men ut frå dei tilleggspoenga som er gitt i år synes det som om at både 10 og 15 tilleggspoeng har blitt gitt oftare enn det som var intensjonen.

Alle inntekne søkjarar til Vg1 Musikk/Dans/Drama med vektlegging på Musikk har fått tilleggspoeng. Åtte av desse har fått 15 poeng (internasjonalt nivå) 12 har fått 10 poeng (nasjonalt nivå) og resten fem poeng (fylkesnivå)

Ut frå dette synes det klart at for mange søkjarar har fått tilleggspoeng for gruppene «internasjonalt og nasjonalt nivå».

Blant dei 20 første på venteliste er det ein søkjar som har fått 10 tilleggspoeng og åtte som har fått fem poeng.

Som kjent er det gitt høve til å gje tilleggspoeng for å sikre dyktige og motiverte søkjarar plass på dette utdanningsprogrammet. Det skal likevel vere slik at det er karakterpoeng som er hovudkriteriet for inntak.

På bakgrunn av dette vil vi gjerne få ei tilbakemelding på skulen på kvifor så mange søkjarar har fått høge tal tilleggspoeng ut frå dei ovannemnde kriteria. Vi ynskjer også at skulen vurderer ein annan skala for tilleggspoeng, og at det blir gitt tilbakemelding om dette innan 15.september. Eventuelt kan det også vere aktuelt med eit møte med skulen i nær framtid for å drøfte denne saka. Dersom poengskalaen skal endrast krev dette politisk behandling

Birthe Andersen Haugen  
seksjonsleiar

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*